

## Mange melder om «vinglekøyring»

**VOSS:** Voss lensmannskontor får ofte melding frå publikum om bilar som vinglar eller på andre vis køyrer underleg.

– Meldingane handlar mest om vinglekøyring, høg fart, farlege forbikøyringar, mobilbruk, og at køyretøy legg seg for tett bak andre, fortel politiførstebetjent Audun Høyland ved lensmannskontoret på Voss.

– Folk er flinke til å gje signalement som registreringsnummer og farge på køyretøya, og har me høve til å koma i posisjon, så hender det ofte me får teke affære.

– Får dei bøter?

– Det er ofte vanskeleg å finna bevis, og stundom er det ikkje grunnlag for å gripa inn. Men om me finn det turvande, gjev me sjåførane ei formaning. Det har ofte god effekt, fortel Høyland.

– I andre tilfelle avdekkjer me regelbrot. Nokre av meldingane dreier seg om glangangarar. I andre tilfelle stoppar me bilar etter tips om underleg køyring der det kan vera rus involvert.

– Me rykkjer ikkje på alle tips. Sjølv om dette er svært viktig arbeid, kan me ikkje bruka heile dagen på å leita etter desse bilane. Men det er viktig at folk seier frå, seier Høyland.

KARL YSTANES | tekst  
ky@avis-hordaland.no

## Nattestengd E16 ved Stanghelle

**VOSS:** Vegvesenet driv for tida og støyper ny portal i Stanghelle-tunnelen – på Vaksdalsida. Natt til søndag 11. mai stengler dei difor både tunnelen og E16, i tidsrommet frå midnatt og til klokka 06 om søndagsmorgonen. Arbeidet som skal gjerast medfører støyting «under heng». Av tryggingssgrunnar kan difor heller ikkje utrykningskøyretøy på oppdrag få sleppa gjennom. Tunnelen og E16 vert såleis heilt stengd denne natta, og omkøyringsvegen går om Hardanger.

## Skulestadmo høyrer til Voss

**VOSS:** I ein notis om ein trailler som fekk kast på hengjaren sin, som Hordaland skreiv om torsdag, heiter det at dette skjedde mellom Voss og Skulestadmo. Me meinte mellom Voss sentrum, altså Vangen, og Skulestadmo, sidan Voss sjølvsgdt er mykje vidare enn Vangen.

# Omfattande turke i Vossaskoggen

**Den nye granplantinga til Erlend Vinsand er daud etter vindskadar i vinter. Han er ikkje den einaste skogelgaren på Voss som må tinga nye planter.**

– Heile feltet må plantast til på nytt, seier skogbrukssjef på Voss, Bjørn Hystad. Han står på Vinsand saman med skogelgar Erlend Vinsand. Dei er på synfaring i eit felt for nyplanta gran.

Det er eit sørjeleg syn. Av plantene dei ser nærare på, finn dei berre ei som ser ut til å greia seg. Resten står med to tredelar av stamma brunsvidd, og ikkje ein einaste knupp som kan gje von.

Til saman tel dei 8500 små gran-tre fordelt på 27 mål. No må Vinsand planta alt på nytt.

### Kostnad

Hystad festar mest lit til teorien om at det er austavinden i vinter som er syndaren. Vind, i kombinasjon med svært turr grunn ha gjort nyplantingane sjanselause.

Han fortel at dei reknar rundt 1500 kroner i plantekostnad for kvart mål. Dermed kostar austavinden sine herjingar Erlend 40.500 kroner, i tillegg til ekstrarbeidet.

Han kjem til å få dekkra 60 prosent av denne kostnaden frå kommunen, men må likevel ut med ein eigenandelen. Forsikring er det heller ikkje råd å teikna mot slike skadar.

Vinsand er langt frå aleine om å få skogen skadd i år. Medan me studerer dei små plantene, kjem grannen Rognald Dagestad nedom. Han har sjølv eit nyplantingsfelt som ser ut til å li nett same lagnad.

### Ventar på rotbløyte

– Det er nok veret, som ikkje har vore normalt i det heile i det siste, seier Dagestad. Han viser til at bakken er knuskhurr.

– Vanlegvis ville dette vore rette tida å plante nytt på, men ikkje i år. Me må venta på ei skikkeleg rotbløyte. For plantene er særberare i perioden når dei skal slå skikkeleg rot. Det ser me også på plantingane frå i fjor vår, som har greidd vinteren og vinden berre enn dei som vart planta i fjor haust, fortel Hystad. Han rår alle skogelgarar til å granska skogfeltene sine og å rapportera inn til kommunen om stoda.

### Svektjer skogen

– Det ser ut til å vera ein alvorleg situasjon fleire stader. Det er verst i felta som er vende mot aust og sør-aust. Eg har drivt med skog i over 30 år og eg må seia som Olav Taskjelle sa i avisa på torsdag; eg har aldri sett noko så gale. Dette er spesielt.

– Krva med skogen som berre er



**LITE VON HER:** Erlend Vinsand kan berre konstatere at heile nyplantingen på 27 mål i fjor var fånnyttas. No må han tinga 8500 nye planter, og han er pålagd av lova å få dei i jorda innan tre år.

skadd, men ikkje daud. Er han & henta seg inn att, og han kan svekt?

– Ja, skogen har blitt stressa i fleire år no. Dersom me er uheldige med veret framover, det vil seia for skogen sin del, så vert det turt. Det vil gjera det verre for han & henta seg inn att, og at regnet ein vanleg sommar, og at regnet kjem og gjera sitt til at skogen får henta seg inn att, seier Bjørn Hystad, som seier at han reknar med & få inn fleire meldingar om skadd skog i tida som kjem.

KARL YSTANES | tekst  
INGERID JORDAL | foto  
ky@avis-hordaland.no

**GARASJEPORTER**

Inntil **-30%** rabatt

Ring oss på  
Hlf: 9111 50 200

**Fasade**  
PRODUKTER

www.fasadeprodukter.no